

INFORMASJON 2 OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

I mars sendte rådmannen ut [informasjonsskriv 1](#) i samband med barnehage – og skulebruksplanen. I dette skrivet informerte underteikna om at konsulentbyrået Norconsult skulle ha løypemelding 2 i politisk utval for oppvekst og omsorg (OPOM). Grunna utbrotet av korona-viruset vart dette ikkje gjennomført.

Norconsult nærmar seg ferdig med rapporten og er invitert til kommunestyret 22. juni. I det møtet vil dei legge fram rapporten med dei tilrådingar som ligg i denne. Kommunestyremøtet, inkludert orienteringa frå Norconsult, vil bli sendt på [KommuneTV](#), slik at foreldre, tillitsvalde, tilsette og innbyggjarar elles kan få sjå og høyre denne presentasjonen. Den vil også liggje som opptak på heimesida til kommunen i lang tid framover. På grunn av restriksjonar knytt til Korona-viruset vil det ikkje bli opna for mange tilhøyrarar i sjølve kommunestyremøtet. I dette møtet vil planen kun bli presentert, det vil ikkje bli nokon politisk handsaming av denne no.

Vegen vidare frå denne presentasjonen er per no noko usikker, og ein vil kome tilbake med informasjon om dette etter dialog med Norconsult og Ordførar. Mellom anna må det drøftast korleis ein får til best mogeleg involvering frå innbyggjarar og tillitsvalte innanfor dei rammene/restriksjonane Korona-utbrotet legg. Det vil bli utarbeidd ei sak for politisk handsaming hausten 2020, der ein vil handsame rapporten og ei tilråding frå administrasjonen om ein framtidig standard for barnehage og grunnskule i Vindafjord.

Rådmannen vil kome med ny informasjon om den vidare prosessen når dette er klart.

10.06.20



Yngve Folven Bergesen
Rådmann Vindafjord Kommune